

K Y R K J E B L A D

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 2

April 1995

49. årg.



Guds kyrkje, syng kring vide jord;
Sjå, siger vann vår konge stor.
Gled dykk ved dette signa ord!
Halleluja, halleluja, halleluja!

Mot livsens helt, som ris or grav,
vår lovsong stig som brus av hav:
Pris han som evig fridom gav!
Halleluja, halleluja, halleluja!

I jubel hjarto takkar han,
som sleit med velde Satans band
og vart oss liv i dødens land:
Halleluja, halleluja, halleluja!

Til samstemt kvad vi strengen slår:
Deg være ære, Frēlsar vår!
Mot paradis di heimferd går.
Halleluja, halleluja, halleluja!
(Cyril A. Ellington/o. Alfred Hauge)

SPRÅK OG MILJØ

Den seinare tid har det på barneskular i Vaksdal og på Dale ungdomsskule vore fokusert mykje på korleis me skal oppføra oss. Både mobbing og kva språk me fører med kvarandre har vore tema. Også andre lag og organisasjonar er trekte inn i dette.

Kva er så grunnen til at dette kjem opp? Ein god del av svaret ligg nok i kva me forar både oss sjølve og borna våre med. I ei tid der stoff frå avisar og andre massemedia nærmast overmettar oss med inntrykk, er det viktig at foreldregenasjonen set seg ned og tenkjer: Kva vil me at borna våre skal lesa og sjå? I avisene kan me nærmast kvar dag lesa om drap og om folk som på open gate vert utsette for overgrep. Og det er i alle fall heilt sikkert at dei fleste som gjer dette ikkje har funne på dette av seg sjølve.

Det er sjølv sagt at me ikkje vil ha slike tilhøve i våre nærmiljø. Men då må foreldre og vaksne vera interessrt i kva borna våre driv med, og ikkje berre la det skura og gå.

Både mobbing og bruk av sterkt vokubular er ting me som vaksne burde vera interesserte i at borna våre ikkje dreiv med. Men skal me få dette til, må me byrja medan borna er små. Det er verre å få dei bort frå dette når dei er vortne større. Og her kjem også eksemplets makt inn. Me kan ikkje venta at borna skal leggja av seg ord som me ikkje vil dei skal nyitta, dersom me ikkje gjer det sjølv.

Me som foreldre og vaksne burde vera interessert i at miljøet både kroppsleg og åndeleg skulle vera til beste for både liten og stor. Det handlar om å bry seg, og ikkje minst om å respektera kvarandre. Kanskje nokon kvar av oss burde vera ei såkalla "kjeftekone".

Borna våre og for den saks skuld også me vaksne har nok bruk for at nokon held oss i øyrene til sine tider.

Ragnvald Kringlebotten

GULLKORN

"Det er meget lettere å se til høyre og venstre enn inn i seg selv"

Søren Kierkegaard

STOFF TIL NESTE NR.

må vera kome redaktøren i hende innan 5. mai 1995.

Bladet kjem ut i veke 22 som byrjar med 29. mai.

Ragnvald

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på førehand. Prestane har teieplikt.

Vaksdal prestegjeld

Sokneprest Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20. Res. kap. Kjell Arne Norum tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf. 94 50 29 92. Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13. HUGS - måndag er presten sin fridag.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten,
5273 Stanghelle.
Tlf. 56 59 51 81/56 59 52 50
Kasserar: Asle Georg Karlsen, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.
Retur til Øystese Trykkeri A/S,
5610 Øystese

OM DÅPEN

Samandrag av ein bibeltide

Det viktigaste bibelen seier om dåpen, er at Gud handlar når eit menneske vert døypet. Vi kjem - og så gjer Gud si gjerning med oss.

Ei lang rekke avsnitt i bibelen fortel korleis Gud handlar. Mange ulike uttrykk er nyttig: Vi vart helga og reinsa. Vi fekk frelse og fornying. Vatnet frelsar i dåpen. Vi vart krossfeste og oppstadne med Kristus. Vi vart fødde på nytt.

Alle desse uttrykkene er nyttig. Dei fortel oss at i dåpen er det først og framst Gud som handlar.

Trua og dåpen

No kan ingen berre koma og veifta med dåpsattesten dersom ein ikkje vil tru på Jesus og fylgja han. Nettopp fordi vi er døypte, skal vi leva det nye livet som vi har fått i gave, seier bibelen.

Det gagnar altså ingen å vera døypet for 10 eller 90 år sidan, dersom ein ikkje følgjer Jesus i dag. Men då er det ikkje Gud det står på. Han står framleis ved si gave. Men mottakaren seier nei.

Både dåpen og trua hører altså med til livet som ein kristen. Sagt med få ord: Frelsa byggjer på det som Kristus har gjort. Vi får frelsa i dåpen. Vi tek imot frelsa ved trua.

Men kva dersom...

Fleire har spurt meg kva som skjer med ein som yr før ein rekk å døypa han. Og eg svarar at: Dette vil eg ikkje gjera til noko problem. Gud er suveren! Han som berga røvaren på krossen, er ikkje avhengig av vatn for å frelsa nokon.

I oldkyrkja hende det at vaksne som gjekk til dåpsundervisning, døydde før dåpen. Det var ikkje noko problem!

Opplæring

Anten ein vert døypet som liten eller stor, er det føresetnaden at ein skal ha opplæring. Dette går attende til Jesu ord. Han sa at vi både skulle døypa og læra dei til å halda alt det som han hadde sagt.

Om foreldra ikkje vil gje denne opplæringa, kan vi heller ikkje døypa borna deira.

Barnedåp

Bibelen drøftar ikkje om ein skal døypa borna eller ei.

Nokre skriftstader speglar av at dei vart skrivne i ein misjonssituasjon. Då måtte dei døypa vaksne. Ingen av dei hadde jo vorte døypte før. Men no kom dei og vedkjende seg trua - og vart døypte. Slik tok dei imot frelsa.

Men eit lite barn treng òg Guds frelse. Det har aldri loge eller stole. Men det som er født av kjøtet, er kjøt. Og så snart dei vert store nok, ser vi kva som bur i dei. Dei ber med seg synda i sitt vesen, nett som oss vaksne.

Men så veit eg heller ikkje noko som demonstrar evangeliet meir tydeleg enn barne-dåpen. Det vesle barnet er fullstendig hjelpe-laust. Det kan berre eta, skrika og sova. Men Gud tek imot barnet og gjev det si frelse - utan at det har gjort noko for å fortena det. Det er Guds verk åleine.

(Meir neste side)



Kjerna

Og her er vi ved kjerna. Her er vi ved løyndomen ved dåpen. Kvifor fann Gud på noko så underleg som denne handlinga? Kvifor ville han gje si frelse på dette viset?

Iblast lurer eg på kva som gjer at eg kan kalla meg ein kristen. Eg veit at det er viktig å tru. Men eg er ikkje særskild flink til det. Ikkje til å angra heller, eller til å gjera det gode. Og iblast kjenner eg meg heilt tom. Korleis kan eg vera ein kristen?

Då kan eg tenkja på den 20. februar 1949. Då vart eg døypt. Då tok Gud imot meg, endå eg var heilt hjelpelaus. Og Gud har ikkje forandra seg sidan den gong.

Gud har innstifta ei handling som seier til oss klårt og tydeleg: Frelsa er Guds verk! Det er han som gjer det! Han åleine. Og så kan vi få lita på det.

Kjell Arne Norum

PS

Ta gjerne kontakt med ein av oss prestane der som du lurer på noko. I samband med det eg har skrive vil eg visa til fylgjande skriftavsnitt:
Matt. 28,18-20, Apgj. 2,37-38, Rom. 6,1-11,
Gal. 3,26-27, Ef. 5,25-27, Kol. 2,11-14,
Tit. 3, 5-6 og 1. Pet. 3,18-21

ES

MEIR ENN GULL

Dersom det kom ein rik onkel frå Amerika og delte ut gullmyntar til slektingane i Noreg, ville du seia nei då? Neppe. Men sett at fetteren din, han du ikkje kan fordra, tok imot nokre av mytane? Ville du seia nei då? Lite truleg.

Iblast høyrer eg om folk som ikkje vil gå til alters fordi han eller ho går. Og slike vil dei ikkje knela saman med.

Herren over himmel og jord deler ut rikdomane sine - meir enn gull. Men some sit heime.... Har du råd til det?

Kjell Arne Norum

Eg har sett Herren!

Maria Magdalena kom inn til læresveinane. Ho må ha småsprunge heile vegen frå gravlunden, og ein setning hadde fylt hovudet og hjarta hennar: Eg har sett Herren!

Javisst hadde ho sett Herren. Det hadde disiplene, dei med. Men det var då han levde - og no var han død. Dei hadde fulgt det heile på nært hold: Då dei fanga Jesus i Getsemane, den såkalla rettsaka, og til slutt avrettinga. Etterpå vart han lagd i grava, og ein stor stein vart nytta til å lukka den.

Eg HAR sett Herren! Maria ville ikkje gje seg. Ho hadde sett han, jamvel tala med han. Han hadde sagt namnet hennar. Så fekk ho i oppgåve å fortelja dette til læresveinane, fortelja at Jesus ikkje lenger er død - han lever!

Maria og dei andre i følgjet til Jesus hadde vore saman med han til det siste, til han døydde. No fekk dei oppleve at Jesus lever, at han har liv og kraft i seg som ikkje kan overvinnast av dødskreftene.

Dette er ikkje forhistorie, noko som det var fint å oppleve for dei det gjaldt då. Jesus lever i dag, og han er den same no som då. Det som skjedde i påsken den gongen er gyldig og i dag.

Derfor kan denne påsken verta eit høve for oss å møte den levande Jesus Kristus, han som tok på seg lidinga og straffa for at vi skulle sleppe. Når vi møter han der han er, vil han kalle oss med namn, han vil tale til oss. Han vi seie oss noko, og gje oss noko. Så vert det kan hende vi som etterpå spring til våre vene og seier: "Eg har sett Herren!"

GOD PÅSKE!

Venleg helsing

Frode Kvamsøe

Kvar skal eg setja meg i kyrkja?

Har du stilt deg sjølv det spørsmålet nokon gong? De kan sjåast ut slik at dei aller fleste har svara slik for sin eigen del: **Så langt bak som mogleg!**

Vi har fleire gonger freista å få kyrkjelydane til å setja seg framme i kyrkja under gudstenestane, i staden for bak. Vi veit at ikkje alle er like glade for dette, men vi ynskjer å få dykk til å være litt medvitne på kor de sit i kyrkja.

Kvifor sitje bak i kyrkja, når det er god plass framme?

Det kan vere mange grunnar til at ein vil sitja bak, like mange grunnar som det er folk. Og mange av desse kan vere greie nok. Dersom nokon veit dei har ein god grunn til å setje seg bak i kyrkja, må dei berre gjere det - det er ikkje dei vi vil ha lenger fram. Vi vil ha fram dei som meir eller mindre "medvitslaust" set seg bak. Har du tenkt over kva vitnemål du gjev med å setje deg så langt bak? Hvis det kjem inn ein i kyrkja for første gong, må han vel tenkja at desse folka sit her fordi dei må, ikkje fordi dei gjer det av fri vilje. Eller at dei kjem til kyrkja for å visa seg fram, utan å vere interessert i det som skjer i gudstenesta. Eller kanhende det er prestane som luktar vondt...?

Aril Edvardsen skriv noko interessant i boka "Verdensinnhøstningen på vei mot oss". Ein har samanlikna kyrkjelydar i vekst og kyrkjelydar i lukegang, og funne at eit av skiljene mellom dei er kor kyrkjelyden plasserer seg i kyrkja:

"Blant titusener av menigheter som idag opplever stadig vekkelse og kirkevekst har de forskjellige undersøkelser vist at man ikke har funnet en eneste slik menighet, hvor de kristne setter seg på de bakerste benkene i lokale og reserverer de tomme benkene framme i kirken for eventuelle ikke-kristne.(-) Derfor - dersom menigheter i Norge og Skandinavia vil oppleve den samme vekkelse og kirkevekst som i Den tredje verden, må de også sette seg foran på de første benkene, slik vekkelseskirkene gjør, og reservere de bakerste benkene for ikke-kristne."

Kan det vere at vi støyter bort dei som er nöланde og usikre i sitt forhold til Jesus og den kristne kyrkja, fordi dei vert skremde av å passera så mange menneske på vegen fram til dei ledige benkane?

Du har no fått noko å tenkje over, og det er vår von at vi i kyrkjene våre kan setje oss framme utan at prestane eller andre må oppmøda oss til det. Lat oss fylle opp kyrkjene frå første benken av, det er vår tru at dette vil vere til glede både for kyrkjelyden og for den enkelte kyrkjegjengar!

Venleg helsing prestane i Vaksdal prestegjeld
Frode Kvamsøe **Kjell Arne Norum**



KONFIRMASJONAR

Våren 1995 er det fylgjande konfirmasjonar i Vaksdal kommune, alle stader kl. 11.

Dale, 7. mai, Vaksdal 14. mai,
Stamnes 21. mai,
Eidsland 28. mai og Bergsdalen 28. mai.

GLUTENFRIE OBLATAR

Det er fullt mogeleg å få nattverdbrød utan gluten. Dei som har cøliaki kan ikkje eta dei vanlege oblatane.

Sei frå til ein av prestane dersom det er aktuelt.

BØNEDAG

Fredag 3. mars var nokre kvinner samla i Dale kyrkje for å markera Kvinnenes Verdas Bønedag 1995.

Under overskrifta **Jorda er skapt av Gud til ein bustad for menneska**, samla dei seg til bøn og bibellesing.

Gjennom bønedagen vart me utfordra til bøn om forsoning mellom menneska, og om Guds kraft til å retta opp att brotne samband slik Gud hadde tenkt det frå byrjinga.

Hovudemna var: **Himmel og jorda sin skapar**, Salme 8,3-6, **Gud sokjer og lantar etter sine barn**, Luk. 15,11-32 og **Gud Herren skal skapa ein ny himmel og ei ny jord**, Jes. 65,17-25; 66,22.

Ein av tilskiparane, Liv Stokke Sellevold, sa at det kom inn kr. 700,- i offer som går til Bibelselskapet til spreiling av biblar.

R.K.



Nokre deltagarar ved Verdas Kvinners bønedag i Dale Kyrkje 3. mars
Foto: Ragnvald Kringlebotten

KJÆRE GUD

Kjære Gud når eg bed,
lat min tanke få kvile i fred
frå alt stresset i verda omkring
og all uro for daglege ting.
Lat din kjærleik få trengje seg inn,
slik at han kan forandre mitt sinn.
Lat oss alle som trur på ditt ord,
vera saman i bøn for vår jord.

Hjelp meg, Gud, til å gi
både pengar, arbeid og tid
i den tenesta der eg er sett,
slik at eg kan forvalte den rett.
Gi meg kraft til å dele mitt brød
med dei menneska som er i nød.
Hjelp meg sokje fornying og fred.
Høyr meg, kjære Gud, når eg bed

Ralph Carmichael/o Arne Myskja

ME TRENG REKRUTTAR

Det er Den norske kirkes Menighetshøgskole, som frå hausten 1994 vart ein del av Høgskolen i Stavanger, som skriv dette i ei pressemelding. Dei rettar i meldinga stor takk til kyrkjelydane for støtte både økonomisk og gjennom forbøn. Nå når det økonomiske er sikra ved offentlege midlar er det studentar dei etterlyser. Dei forsikrar at dei framleis har god bruk for forbønsstøtte.

Men skulle nokon av dykk som les dette vera interesserte i å utdanna dykk til teneste i kyrkja eller annna form for kristent arbeid, er det berre å ta kontakt.

Utdanninga er 2-årig og byggjer på kristendom grunnfag. Første året er kyrkjelydsbygging og administrasjon, medan andre året er eit fordjupnings år med valemner. Studiet gjev kvart år 20 i vekttal i høgskulesystemet.
Du kan få meir informasjon ved å skriva eller ringja til:

Høgskolen i Stavanger, avdeling for humanistiske fag, Postboks 2557, Ullandhaug, 4004 Stavanger. Tlf. 51 83 13 00.



EN ROSENUKETT

Man sender jo gjerne en blomsterbukett, men alt her nede visner så lett. Jeg sender heller en frå Guds blomsterbed. En rosenbukett som alltid blir ved.

Den første jeg finner er: **Kjærlighet, 1. Johs. 4,10**

Den andre dufter av stille fred, **Johs. 14,27**
Den tredje nåden i Kristus, **Johs. 1,16**

Den fjerde sorgfri som sommerfugl, **Filp. 4,6**

Den femte håpet så fint og skjønt, **Rom. 12,12**

Den sjette trygghet - vi har den kjær **Salm. 103,13**

Den syvende liv - evig liv, **1. Johs. 5,11**


Her har du en rosenbukett,
men for at den kan bli riktig nett,
fester jeg en sløyfe med trefarvet bånd.
Fader, Sønn og Hellig Ånd.
(Ukjent)

TAKK

Dale Indremisjon vil retta ei stor og hjarteleg takk til Kari Fosse Vedå sine etterlatte for den fine gåva på 15.000,- til bedehusbygginga på Dale.

Mange takk.

for Dale Indremisjon
Liv Stokke Sellevold



KYRKJA I NOREG
1000 ÅR
MOSTER 995-1995



4. klasse frå Vaksdal saman med sokneprest forde Kvamsøe som delte ut «Godt Nytt», det nye testamentet, til dei 5. februar.

Foto: Eli Kringlebotten



4. klasse frå Stamnes saman med sokneprest Frode Kvamsøe, som delte ut «Godt Nytt», det nye testamentet til dei 5. februar

Foto: Arne Normann

Barneside

ADAMS DAM

DÅ DET GJEKK OPP FOR MEG
KOR URETTFERDIG DET ER
AT EG VEG 20 KILO FOR
MYKJE MEDAN ANDRE KNAPT
FÅR NOKO Å ETE,
BESTEMTE EG MEG
FOR Å GJERA NOKO
MED DET.

HAR DU
BEGYNT
Å ETE
MINDRE?

NEI, EG HAR BEGYNT
Å JOGGE!

© Joel Kaufmann / Moses Media, Oslo



KJÆRE GUD

I morgen skal jeg begynne i ny klasse
på en ny skole.

Du vet at jeg gruer meg,
for jeg kjenner ingen i den nye klassen.

Ikke læreren en gang!

Kan du hjelpe meg, så jeg slipper så lese høyt
og svare på spørsmål de første dagene.
Og tror du at du kunne hjelpe meg å finne
en å være sammen med?

En jeg kan prate med,
så jeg slipper å bli stående alene
i friminuttene!

Amen

Fra boka «I startgropa» av Torhild Moen.
Attgjeve med løyve frå Verbum forlag.


ME MÅLAR PÅSKE-EGG

Å måla påske-egg er noko de kan gjera heime.
Spør dei vaksne om kor mange egg de kan få
bruka.

Bruk tjukk nål og stikk hol i kvar ende av eggat.
Blås ut innmatten. Bruk tusj eller sterke vass-
fargar. Kanskje de kan måla namna til dei som
skal feira påske saman med dykk? Border blir
fint. Forskjellige ansikt er også morosame. Eggat
blir blanke og flotte dersom de spray-lakkerer
dei. Men dette bør ein voksen hjelpa deg med,
og det bør skje utandørs.

Eggat gjer seg best dersom de hengjer dei opp på
nokre kvister i ein vase. Knyt ein sytråd rundt
ein bit av ei fyrstikk. Putt fyrstikkbiten inn i
eggat så han blir hangande på tvers. Så er det
berre å festa tråden på greinene.

KPK



VÅREN

Nå våren e kome det grønkast og gror, ja, snart kjeme blomen så fager og stor. Då krokus og roser og nellik med meir, me alle kan sjå medan fugl byggjer reir.

Ja, våren kan vera så fager og snill, men stundom den slår seg eitrande vill. Når tåra og smil i fylgje dei går, då alle me veit at nå kjeme vår.

Og næring til livet gir våren så fint, då kan me nå klemma kvarandre så lint. Ja, ta i ei hand og gå oss eintur, romantiske dagar ligg kanskje på lur.

Så takk då du vår, du livet gir kveik, ja, krefter du gir etter vinteren bleik. Ja, hjelp oss å takka for alt det du gir, du som frå vinterens krefter oss frir.

Ragnvald Kringlebotten



Hesjedalsfossen
Foto: Siw-Anita Bruvik

ÅRSMELDING

Me vil her ta med nokre glimt frå årsmeldinga til Kyrkjeleg fellesråd i Vaksdal for 1994.

Rådet sitt hovudmål i 1994 har vore: Å ta vare på dei administrative og økonomiske oppgåvene ved sokna, og oppretthalda verdien på kyrkjer og gravplassar gjennom vedlikehald og nyinvesteringar.

Dei største vedlikehalds- og investeringstiltaka i 1994:

- Ny kloakkledning i Bergsdalen kyrke
- Ny vassledning til Vaksdal kyrkje
- Nytt lydanlegg i Dale kyrkje
- Innkjøp av datamaskin på prestekontoret
- Montert innbrotsalarm i Bergsdalen kyrkje
- Montert innbrotsalarm i Nesheim kyrkje
- Montert flombelysning til Eidsland kapell
- Oppsett nytt reidskapshus på Dale gravplass
- Innkjøp av nytt veggteppe i Vaksdal kyrkje.

I meldinga eller heiter det at ein sett i høve til dei ressursar som rådet har til rådvelde, meiner å ha fått mykje att for pengane. Men naudsynne omprioriteringar av midlar gjorde at ein fekk gjort svært lite at det som var prioritert i budsjettframlegget. Ein lyt til ei kvar tid prioritera "må" saker framfor "vil" saker, sjølv om det kan vera mindre populært, heiter det.

Vidare heiter det at det står stort sett bra til, når det gjeld vedlikehald av kyrkjene og gravplassane. Men det er fåleg å kvila på laurbær, og ein må heile tida passa på at det er nok midlar vedlikehaldet. Rådet vil difor til seinare å prioritera vedlikehaldsbudsjettet, om mogeleg endå meir, for å stå best mogeleg rusta mot farfallet og tidens tann, heiter det.

FELLESRÅDET

Etter at fellesrådet har konstituert seg er Eli Kringlebotten vald til formann og Anne Margrete Eikefet til nestformann. Fellesrådet består av formenn frå dei ymse sokneråd og sokneprest Frode Kvamsøe. Elles møter res.kap, ordførar, tekn.leiar og kyrkjeverje fast

SLEKTERS GANG

DØYPTE



DALE

- 12.02 Steffen Andre Faugstad
- 12.02 Henrik Thorsen Tveiterås
- 26.02 Ole Thomassen

VAKSDAL

- 05.02 Simen Hagen Frotveit
- 19.02 Dag Olav Steinsbø

BERGSDALEN

- 20.11 Tommy Christoffer Romarheim
- 11 Marita Fosse Osvold
- 19.02 Inger Lise Bergo

AVLIDNE



DALE

- 07.02 Finn Walle, f.1913
- 09.02 Knut K.Verpelstad , f.1901
- 08.03 Sigurd Simmenes , f.1915
- 12.03 Anton Hesjedal f.1904
- 16.03 Nils Kristian Matland f. 1918

BERGSDALEN


- 14.01 Anders Fosse , f.1908

NESHEIM


- 14.03 Gyda Trefall, f. 1913

VAKSDAL

- 13.02 Alvild Langhelle, f.1926
- 06.03 Anna Boge, f. 1897
- 09.03 Anders Herfindal , f.1921



...at dei må vera verande hjå Kristus når dei veks opp, liksom dei ved dåpen er innpota i han.




...at me må læra å telja våre dagar, så me kan få visdom i hjarta.

VIGDE



DALE

- 02.12 Berit Steinsland og Kjell Boge



...at dei må halda trufast saman og hjelpe kvarandre fram mot det evige livet.

LEIR

FAGERTUN

7. - 10. april Påskeleir I - 3.-6. klasse, fristen er ute, men ring i fall ledig plass.

12. - 17. april Påskeleir II, frå 7. klasse, ring snarast dersom du vil vera med.

2. - 5. juni Pinseleir, frå 18 år (født i 1977)

For informasjon og påmelding:

Norges Samemisjon
Sparebankgt. 4 A, 5017 Bergen
Tlf. 55 31 65 06

VELKOMEN TIL KYRKJE



9.april - Palmesøndag

NESHEIM kl.11. Fam.gudst.Kvamsøe. Offer til Kirkens Nødhjelp-Fasteaksjonen

BERGSDALEN kl.12.30 Sportsandakt. Norum.

STANGHELLE KL.18.00. Norum. Offer til NMS Bergen Krets.

13.april - Skirtorsdag

DALE kl.11. Kvamsøe.Nattverd.

STAMNES kl.17. Norum.Nattverd.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

BERGSDALEN kl.20.Norum.Nattverd.

14.april - Langfredag

VAKSDAL kl.11. Norum.

EIDSLAND kl.11. Kvamsøe.Nattverd

16.april - 1.Påskedag

DALE kl.11. Norum. Offer til De fire Diakoni-institusjonar.

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den Norske Santalmisjon.

NESHEIM kl.11. St.Markus.Offer til Norges KFUK/KFUM Bjørgvin Krets

BERGSDALEN kl.20. Kvamsøe.Offer til Det Norske Misjonsselskap.

17.april - 2.Påskedag

STAMNES kl.11. Kvamsøe. Offer til Norsk Lutherisk Misjonssamband.

EKSINGEDELEN kl.11. Norum. Nattv.

Offer til Kirkens Nødhjelp.

23.april - 1.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11. Norum.Nattverd. Offer til Norsk Lutherisk Misjonssamband.Utdeling til 1., 2. og 4. klasse.

30.april - 2.søndag etter påske

STAMNES kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Norsk Misjon i Øst.

1.mai - Offentleg høgtidsdag

VAKSDAL kl.10. Norum. Offer til Kristne Arbeideres Forbund.

DALE kl.11. Kvamsøe. Offer til Åpne Dører.

7.mai - 3.søndag etter påske

DALE kl.11. Konf.gudst. Kvamsøe. Offer til Kyrkjelydsarbeidet.

NESHEIM kl.11. Vikarprest. Nattverd. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

8.mai - Frigjeringsjubileet

DALE kl.16. Olav Fjose og Kvamsøe.

14.mai - 4.søndag etter påske

VAKSDAL kl.11. Konf.gudst. Norum. Offer til Norges Kristelege Student- og Skoleungdomslag.

BERGSDALEN kl.11. Kvamsøe. Nattv. Offer til Kirkens SOS, Bjørgvin.

17.mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL kl.9.30 Fam.gudst. Norum. Offer til Institutt for Kristen Oppseding.

DALE kl.10.30 Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Blå Kors i Norge.

STAMNES kl.11.15 Fam.gudst.Norum. Offer til Redd Barna.

EIDSLAND kl.12.30 Fam.g. Kvamsøe. Offer til Redd Barna.

21.mai - 5.søndag etter påske

STAMNES kl. 11. Konf.gudst. Norum. Offer til Norges Kristelege Student- og Skoleungdosmlag.

EKSINGEDELEN kl.16. Fam.gudst. Kvamsøe. Offer til Evangeliesenteret.

25.mai - Helgetorsdag

VASSBAKKENSTEMNA v/Vikavatnet i Stamnes.Kvamsøe og Norum.

28.mai - 6.søndag etter påske

EIDSLAND kl.11. Konf.g. Norum. Offer til Fagertun leirstad.

BERGSDALEN kl.11. Konf.Gudst. Kvamsøe. Offer til Fagertun Leirstad.